



Det var også barnerenn med god deltaking, også frå Uskedalen. Her er Martin Hjelmeland Arnesen i ferd med å spurta forbi Stine Soldal.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Karusellrenn nummer fem i denne sesongen onsdag kveld vart ein verkeleg flott skifest under framifrå ver- og føretilhøve.

Rennet var eit vellukka samspel mellom Uskedal Idrettslag og Rosendal Turnlag. Uskedalingane arrangerte skisprint opp til 16 år medan turnlaget hadde skileik i fleire former.



Rosendal Turnlags skileik var eit triveleg innslag under skifesten. Her er pøsegrillinga igang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I jenter under 10 år deltek uskedelingane Sunniva E. Myklebust, Ingvill Ertslund Myklebust, Solveig Haugland og Veslemøy Haugland i prologen.

I klassen for gutar under 10 år var Jakob Taranger prolog-deltakar.



Å køyra på pressenning er spanande, tykte dei minste. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sprinten starta i 11-årsklassen og blant jentene kom Maren Bjørnebøle frå Uskedalen på andreplass med 4,22 medan Ruth Holveig Årthun Bergane frå Matre vann med 3,20.



Klart til start i eit utruleg fint ver i Fjellhaugen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

11-årsklassen for gutar vart vunne av Håvard T. Hunstad frå Rosendal med 2,40 medan Johannes Haugland frå Uskedalen kom på andreplassen med 2,53.

13-årsklassen for jenter vart ein spanande duell mellom Kari Bråtun frå Uskedalen og Silje Øyre frå Rosendal, som Kari vann med eit fattig sekund. Dei gjekk på 2,25 og 2,26. Katrine Yri Røssland vart nummer tre med 2,47.

14-årsklassen for jenter vart vunne av Kristin Storhaug frå Ternen med 2,11 medan Ingebjørg Haugland frå Uskedalen her kom på tredjeplassen med 2,30.

Av Ola Matti Mathisen